d) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning

Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	132	1.129
--	-----	-------

7 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi		Rente- vilkår
				31.12.2017	31.12.2016	
Sertifikat- og obligasjonslån						
NO0010671274	06.02.2013	06.02.2017	100.000	0	100.146	3 mnd. NIBOR + 1,20 %
NO0010649205	06.06.2012	06.06.2017	125.000	0	89.264	3 mnd. NIBOR + 2,25 %
NO0010699176	13.12.2013	13.12.2018	50.000	50.036	50.039	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010775513	27.09.2016	27.09.2019	200.000	200.116	200.097	3 mnd. NIBOR + 0,92 %
NO0010782311	30.01.2017	30.01.2020	100.000	100.059	0	3 mnd. NIBOR + 0,91 %
Sum gjeld ved utsteda verdipapir				350.211	439.546	
Ansvarleg lånekapital						
NO0010720907	03.10.2014	30.10.2024 Calldato 22.08.2019	50.000	50.716	50.678	3 mnd. NIBOR + 1,70 % 1)
Sum ansvarleg lånekapital				50.716	50.678	

1) Lånet tel som tilleggskapital etter EU-forordningen for Basel III, og er godkjent av Finanstilsynet som tilleggskapital.
Banken kan frå 22.08.2019, og seinare kvartalsvis på rentereguleringsdatoar, innfri lånet heilt til kurs 100 %.

	Balanse 31.12.2016	Emitert	Forfalne/ innløyste	Andre endringar	Balanse 31.12.2017
Endringar i verdipapirgjeld i perioden					
Obligasjonsgjeld	439.546	100.000	-189.500	166	350.212
Sum gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	439.546	100.000	-189.500	166	350.212
Ansvarlege lån	50.678	0	0	37	50.716
Sum ansvarleg lån og fondsobligasjonar	50.678	0	0	37	50.716

8 Verdipapir

8.1 Verdsettjingshierarki for verdipapir

Verdsettjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi. Verkeleg verdi tilsvarar balanseført verdi.

i 1.000 kr.

	31.12.2017			Total
	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	
	Kvoterte prisar i aktive marknader	Verdsettjings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	Verdsettjings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi		146.253	10.070	156.323
Verdipapir tilgjengeleg for sal			130.315	130.315
Sum eigendelar	0	146.253	140.385	286.638

Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 31.12.2016	147.412
Realisert gevinst resultatført	181
Urealisert gevinst og tap resultatført	1.263
Urealisert gevinst og tap i andre resultatkomponentar	-8.373
Investering	6.530
Salg	-6.628
Utgående balanse 31.12.2017	140.385

	31.12.2016			Total
	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	
	Kvoterte prisar i aktive marknader	Verdsettjings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	Verdsettjings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi		140.359	10.903	151.262
Verdipapirer tilgjengeleg for sal			136.509	136.509
Sum eigendelar	0	140.359	147.412	287.771

Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 31.12.2015	138.788
Realisert gevinst resultatført	
Urealisert gevinst og tap resultatført	697
Urealisert gevinst og tap i andre resultatkomponentar	4.558
Investering	11.471
Sal	-8.101
Utgående balanse 31.12.2016	147.412

8.2 Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi

Nivå 1 – Verdsetjing skjer i høve til kvoterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eigendelar/forpliktingar. Eit finansielt instrument vert vurdert som kvotert i ein aktiv marknad dersom kursar er enkelt og regelmessig tilgjengeleg frå ein børs, forhandlar, meklar, næringsgruppering, prissettingsteneste eller reguleringsstyresmakt, og desse kursane representerer faktiske og regelmessig førekomande marknadstransaksjonar på ei armlengd avstand. I kategorien inngår mellom anna børsnoterte aksjar og likvide aksje- og pengemarknadsfond.

Nivå 2 – Verdsetjing skjer gjennom annan input enn kvoterte prisar på nivå 1 som er observerbare for eigendelen/forpliktinga, enten direkte eller indirekte (utleia prisar). I dei tilfelle der det ikkje finst tilgjengelege marknadsprisar i ein aktiv marknad, er instrumenta først og fremst forsøkt verdsett ved hjelp av verdsetjingsmetodar basert på observerbare input/og eller tilnærma likearta instrument/produkt. Prising av renteberande papir, mellom anna fastrenteutlån, vert basert på rentekurver henta i aktive marknader. Verkeleg verdi på finansielle instrument tilgjengeleg for sal, vert fastsett for obligasjonar av Swedbank.

Nivå 3 – Verdsetjing på input som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Dersom fastsetjing av verdi ikkje er tilgjengeleg i høve til nivå 1 og nivå 2, vert verdsetjingsmetodar som baserer seg på ikkje-observerbar informasjon nytta. For aksjar som ikkje vert handla i regulert marknad vert siste omsette kurs nytta, eller nylege emisjonskursar, et. bokført verdi av eigenkapital. Konsernet gjer føresetnader basert på marknadsforholda som eksisterer på kvar balansedag. Pr. 31.12.2017 har banken sett verdien på aksjane i Eika Gruppen AS til 80 % av verdsetjing føreteke av finansavdelinga i Eika Gruppen AS. Verdien er vurdert etter anerkjente metodar for verdivurdering, og er utført av Eika Gruppen AS sin bankanalytikar. Verdien er sett til NOK 122,50 pr. aksje. Aksjane i Eika Boligkreditt AS er vurdert ut i frå siste emisjonskurs, og er verdsett til NOK 4,19 pr. aksje.

9 Ansvarleg kapital

i 1.000 kr.

	Morbank	
	31.12.2017	31.12.2016
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812
Sparebankens fond	184.608	169.777
Gåvefond	23.490	23.890
Utjamningsfond	35.677	30.434
Fond for urealiserte gevinstar	25.283	30.959
Frådrag	-74.706	-62.129
Rein kjernekapital	258.789	257.368
Fondsobligasjonar	40.000	39.895
Frådrag	-9.301	-19.981
Kjernekapital	289.488	277.282
Tilleggskapital	50.000	49.914
Frådrag	-9.301	-19.981
NETTO ANSVARLEG KAPITAL	330.187	307.215
Eksporeringskategori:		
Statar	0	0
Lokal regional styresmakt	0	0
Institusjonar	200	23.740
Føretak	178.589	213.996
Pantesikra eigedom	1.182.133	1.187.994
Forfalne engasjement	7.150	19.075
Høyrisiko	14.034	16.355
Obligasjonar med fortrinnsrett	5.534	6.513
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	29.912	1.252
Andelar verdipapirfond	3.074	3.028
Egenkapitalposisjonar	59.129	41.389
Andre engasjement	87.203	77.692
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	155.519	150.203
SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1.722.477	1.741.237
Rein kjernekapitaldekning %	15,02 %	14,78 %
Kjernekapitaldekning %	16,81 %	15,92 %
Kapitaldekning %	19,17 %	17,64 %

10 Eigenkapitalbevis

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjør per 31.12.2017 MNOK 31,63 delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,-.

10.1 Eigarandelsbrøken

Eigarandelsbrøken for 2017 er utrekna med utgangspunkt i eigenkapitalfordeling pr. 31.12.2016, justert for utbetalingar gjennom 2016. Tilsvarende er eigarandelsbrøken for 2015 utrekna med utgangspunkt i fordeling pr. 31.12.2015 justert for utbetalingar gjennom 2015.

	i 1.000 kr	
	2017	2016
Eigarandelsbrøk, morbank		
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625
Overkursfond	32.832	32.812
Utjæmningsfond	28.537	24.900
Sum eigarandelskapital (A)	92.994	89.337
Sparebankens fond	169.758	159.369
Gåvefond	23.391	22.855
Grunnfondskapital (B)	193.149	182.224
Fond for urealisert vinst	30.959	30.325
Avsett utbyte, gaver og konsernbidrag	2.398	3.030
Utdisponert resultat	0	391
Justert estimatawik	0	0
Sum eigenkapital	319.499	305.307
Eigarandelsbrøk A / (A+B)	32,50 %	32,78 %
Utbyte		
Avsett utbyte per eigenkapitalbevis (tal i heile kr.)	3,00	4,00
Samla utbyte	1.898	2.530

10.2 Dei 20 største eigarane

Dei 20 største eigarane pr. 31.12.2017 utgjer 41,89 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

31.12.2017					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
VPF EIKA EGENKAPITAL	43.430	6,87 %	ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %
MP PENSJON PK	31.563	4,99 %	HEYERN AS	10.000	1,58 %
NORDIC PRIVATE EQUIT	20.000	3,16 %	BJØRKEHAGEN AS	10.000	1,58 %
ROGNE HELGE	14.360	2,27 %	JUUL-VADEM HOLDING	10.000	1,58 %
HAUGALAND KRAFT PENS	13.000	2,06 %	BEES HOLDING AS	8.000	1,26 %
DAHLSTRØM FINN SVERRE	12.850	2,03 %	EUROVEST AS	7.734	1,22 %
MERRILL LYNCH PROF. MLPRO SEG FOR I	12.719	2,01 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	PHAROS INVEST I AS	7.388	1,17 %
TH DAHL AS	11.133	1,76 %	FORLAGSFINANS AS	7.200	1,14 %
HÅPE AS	10.000	1,58 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
SUM				264.977	41,89 %

31.12.2016					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	DAHLSTRØM FINN SVERRE	10.500	1,66 %
EIKA UTBYTTE	39.430	6,23 %	HEYERN AS	10.000	1,58 %
BEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	NORDIC PRIVATE EQUITY AS	10.000	1,58 %
DØSKELAND BØRGE	20.950	3,31 %	ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %
EUROVEST AS	20.700	3,27 %	HÅPE AS	8.069	1,28 %
ROGNE HELGE	16.780	2,65 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
PIMA AS	13.305	2,10 %	PHAROS INVEST I AS	7.388	1,17 %
MERRILL LYNCH PROFESSIONAL CLEARIN	12.719	2,01 %	FORLAGSFINANS AS	7.200	1,14 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
TH DAHL AS	10.800	1,71 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
SUM				303.474	47,98 %

11 Endring samanlikningstal

Banken har ein evigvarande fondsobligasjon som er omklassifisert frå gjeld til eigenkapital. Rentebetalingar skal som følgje av dette klassifiserast som utbyte og vert ført direkte mot eigenkapitalen etter skatt. Utbyte er fordelt mellom sparebanken sitt fond og utjamningsfond basert på eigarbrøk pr. 01.01.2017.

Samanlikningstala i resultatet er omarbeidd pr. 31.12.2016 for kvartalet isolert og akkumulert.

Samanlikningstala i balansen er omarbeidd pr. 31.12.2016.

Tabellen under viser endringane som er gjort i omarbeidinga. Endringane viser berre for konsernet. Korreksjonseffekten er identisk for morbanken på dei aktuelle rekneskapslinjene.

Resultat

i 1.000 kr.

31.12.2016	FØR	Korreksjon	ETTER
Rentekostnader	35.915	-2.482	33.433
Driftsresultat før skatt	19.169	2.482	21.651
Skattekostnad	2.642	620	3.262
Resultat etter skatt	16.527	1.861	18.388

4Q 2016 isolert	FØR	Korreksjon	ETTER
Rentekostnader	8.502	-609	7.893
Driftsresultat før skatt	1.883	609	2.492
Skattekostnad	819	152	971
Resultat etter skatt	1.061	457	1.518

Balanse

i 1.000 kr.

31.12.2016	FØR	Korreksjon	ETTER
Ansvarleg lånekapital	90.573	-39.895	50.678
Sum gjeld	3.006.990	-39.895	2.967.095
Innskoten eigenkapital	64.437	39.895	104.332
Sum eigenkapital	319.485	39.895	359.380

Eigenkapitaloppstilling

i 1.000 kr.

01.01.2016	Fonds- obligasjon	Spare-banken sitt fond	Utjavnings- fond	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.2016	0	159.416	27.430	303.815
Reklassifisering av fondsobligasjon fra gjeld til egenkapital	39.837			39.837
Effekt av endret renteklassifisering		1.266	623	1.889
Effekt utbytteklassifisering		-1.266	-623	-1.889
Korrigert egenkapital 01.01.2016	39.837	159.416	27.430	343.652

31.12.2016	Fonds- obligasjon	Spare-banken sitt fond	Utjavnings- fond	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2016	0	169.473	30.432	319.485
Reklassifisering av fondsobligasjon fra gjeld til egenkapital	39.895			39.895
Effekt av endret renteklassifisering		1.256	605	1.861
Effekt utbytteklassifisering		-1.256	-605	-1.861
Korrigert egenkapital 31.12.2016	39.895	169.473	30.432	359.380

12 Rekneskapsprinsipp – IFRS 9

12.1. Generelt om IFRS 9

Rekneskapet for 2017 er avlagt i høve til IAS 39 Finansielle instrument – innrekning og måling. Frå 01.01.2018 blir denne standarden erstatta av IFRS 9 Finansielle instrument. IFRS 9 introduserer ein ny modell for klassifisering og måling av finansielle eigendelar, ny modell for nedskrivning av finansielle eigendelar og nye reglar for sikringsbokføring.

12.2. Implementering av IFRS 9

Eika-Gruppen starta opp ei tverrfagleg prosjektgruppe i 2016 som har førebudd implementeringa av IFRS 9.

Prosjektgruppa har vore samansett av representantar frå fagområda kreditt, datavarehus, rekneskap/-rapportering og prosjektleiar. Prosjektet har vore ansvarlege for å implementera Eika sine PD- og LGD-modellar i den nedskrivingsmodellen som blir nytta (utvikla av SDC, Eika-bankane sin leverandør av banksystem). Prosjektet har òg inkludert områda under IFRS 9 for klassifisering, måling og rapportering. Eika-bankar har vore representert som deltakarar og i ei referansegruppe.

12.3. Overgangsreglar

IFRS 9 skal brukast retrospektivt (sjå tilbake), med unntak for sikringsbokføring. Retrospektiv bruk inneber at Indre Sogn Sparebank skal laga opningsbalansen 01.01.2018 etter prinsippa i IFRS 9. Det er høve til å unnlata å utarbeida samanlikningstal for historiske periodar, og banken har vald å ikkje å utarbeida samanlikningstal. Det er òg høve til å utsetja implementeringa av reglane for sikringsbokføring etter IFRS 9. Indre Sogn Sparebank brukar ikkje sikringsbokføringsreglane etter IAS 39.

Effektane av nye prinsipp i opningsbalansen for 2018 blir ført mot eigenkapitalen.

12.4. Klassifisering og måling

12.4.1 Finansielle eigendelar

IFRS9 vil innføra nye prinsipp for klassifisering og måling. Målekategoriane for finansielle eigendelar i IAS 39 (verkelig verdi over resultat, tilgjengeleg for sal, halda til forfall og utlån og fordringar til amortisert kost) er erstatta av følgjande tre målekategoriar etter IFRS 9:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiending over utvida resultat (FVOCI)
- Verkeleg verdi med verdiending over resultat (FVTPL)

Målekategori vert bestemt ved første gongs rekneskapsføring av eigendelen.

Definisjonen av eit finansielt instrument er regulert i IAS 32 og er ikkje endra som følge av IFRS 9. Ved fastsetting av målekategori skil IFRS 9 mellom ordinære renteinstrument og eigenkapitalinstrument, medrekna derivat. Med ordinære renteinstrument meinast det renteinstrument der avkastning utgjer kompensasjon for tidsverdi av pengar, kredittrisiko og andre relevante risikoar som følge av ordinære renteinstrument.

Eigenkapitalinstrument er i målekategorien verkeleg verdi over resultat. For eigenkapitalinstrument som ikkje er derivat og som ikkje vert haldne for handelsføremål, er det høve til å velja å føra desse til verkeleg verdi over utvida resultat. For ordinære renteinstrument blir målekategorien bestemt etter føremålet med investeringa. Renteinstrument som inngår i ein portefølje med føremål å ta i mot kontraktmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, skal målast til amortisert kost. Renteinstrument som inngår i ein portefølje med føremål om å både ta i mot kontantstraumar og å føreta sal, skal målast til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat, med renteinntekt, valutaomrekningseffektar og nedskrivningar presentert over ordinært resultat. Renteinstrument i andre forretningsmodellar skal målast til verkeleg verdi over resultat. Verdiendringar på ordinære renteinstrument ført over utvida resultat, skal reklassifiserast til resultatet ved sal eller annan avhending av eigendelane. Andre gjeldsinstrument skal målast til verkeleg verdi med verdiendring over resultat.

12.4.2 Finansielle forpliktingar

For finansielle forpliktingar er reglane i hovudsak dei same som i IAS 39 i dag. Ei endring frå IAS 39 er at for finansielle forpliktingar som er bestemt rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet skal endringar i verdien som skuldast selskapet sin eigen kredittrisiko reknast inn i utvida resultat (Indre Sogn Sparebank har ikkje finansiell gjeld til verkeleg verdi).

12.5. Implementering av ny modell for klassifisering og måling

Banken har klassifisert sine finansielle eigendelar i følgjande kategoriar etter spesifikasjonane i IFRS 9:

Finansielle eigendelar		31.12.2017		01.01.2018	
		Etter IAS 39		Etter IFRS 9	
Konter og innskudd i Norges Bank	Amortisert kost	185.337	Amortisert kost	185.337	
Innskudd i og fordringer på kredittinstitusjoner	Amortisert kost	149.559	Amortisert kost	149.462	
Utlån til kunder	Amortisert kost	2.837.224	Amortisert kost	2.839.140	
	Virkelig verdi over resultatet	-	Verkeleg verdi over resultatet	-	
	Virkelig verdi over utvidet resultat	-	Verkeleg verdi over utvida resultat	-	
Verdipapir – rentepapir	Virkelig verdi over resultatet	55.337	Verkeleg verdi over resultatet	55.337	
	Tilgjengelig for salg	-	Verkeleg verdi over utvida resultat	-	
Verdipapir – egenkapitalinstrument	Virkelig verdi over resultatet	100.986	Verkeleg verdi over resultatet	100.986	
	Tilgjengelig for salg	130.314	Verkeleg verdi over utvida resultat	130.314	
Totalt		3.458.757		3.460.577	

Utlån med fast rente – Utlån med fast rente der banken har som føremål å ta i mot kontraktmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, er ikkje sikra med derivat og er dermed klassifisert til amortisert kost.

Banken si likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i høve til den forretnings-modellen som styrer forvaltninga av likviditetsportefølja. Forretnings-modellen gir eit avkastningsmål for likviditetsportefølja der kjøp og sal blir gjort ut frå eit mål om maksimal fortjeneste. Sal blir utført for å dekkja uventa likviditetsbehov.

Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat utan resirkulering. Resterande eigenkapitalinstrument vert definert som haldne for handelsføremål og er klassifisert i kategorien til verkeleg verdi over resultatet.

Utlån som banken kan overføra til Eika Boligkreditt AS er klassifisert til amortisert kost. Banken har høve til å overføra utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt som har belåningsgrad under 60 %. Banken overfører utlån frå eigen balanse kun unntaksvis og med volum som ligg under vesentlegheitsgrensa (5 % årleg av uteståande portefølje og 20 % i porteføljen si gjennomsnittlege levetid). Banken har difor klassifisert utlån som kan overførast til Eika Boligkreditt til amortisert kost.

12.6. Ny modell for nedskriving av finansielle eigendelar

Etter IAS 39 skal nedskrivingar for tap berre finna stad når det er objektive bevis for at ei tapshending har inntreft etter første gongs innrekning. Under IFRS 9 skal tapsavsetningane reknast inn basert på forventa kreditt-tap. Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle eigendelar omfattar finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendingar over utvida resultat. I tillegg er òg lånetilsegn, finansielle garantikontraktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Ved første gongs balanseføring skal det setjast av for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap. 12-månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumentet, men som kan knytast til hendingar som inntreff dei første 12 månadene.

Dersom kredittrisikoen for ein eigendel eller ei gruppe av eigendelar er vurdert til å ha auka vesentleg sidan første gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande heile den forventa levetida til eigendelen. Dersom det oppstår eit kreditt-tap skal renteinntekter reknast inn basert på bokført beløp etter justering for tapsavsetning.

For ytterlegare detaljar, sjå IFRS 9.

12.6.1 Nedskrivingsmodell Eika

Eika har utvikla egne modellar for utrekning av sannsynlegheit for mislighald (PD) og tap gitt mislighald (LGD). SDC har vidare utvikla ei løysing for eksponering ved misleghald (EAD), utrekning av tap og modell for vurdering av om eit engasjement har hatt auke sidan første gongs innrekning, som banken valde å nytta. Forventa kreditt-tap (ECL) vert utrekna som $EAD \times PD \times LGD$, neddiskontert med opprinneleg effektiv rente.

12.6.2 Beskriving av PD-modellen

PD-modellen i Eika estimerer sannsynlegheit for misleghald ved å estimera statistiske samanhengar mellom misleghald og kunden si finansielle stilling, demografiske data og betalingsåtfærd. Misleghald er definert som overtrekk på minimum 1.000 kroner i 90 dagar samanhengande, i tillegg til andre kvalitative indikatorar som tilseier at engasjementet er misleghalde, jf. kapitalkravsføreskrifta § 10-1.

Modellen skil mellom person- og bedriftskundar, og måler sannsynlegheit for misleghald dei neste 12 månader (PD). Personkundemodellen skil vidare på kundar

med og utan bustadlån. Bedriftskundemodellen skil mellom eigedomsselskap, avgrensa personleg ansvar og uavgrensa personleg ansvar.

Betalingsåtfærd krev 6 månader med historikk før ho får påverknad i modellen. Det betyr at nye kundar vil ha 6 månader med kun ekstern modell før intern modell blir nytta.

Modellane blir årleg validert og rekalkibrert ved behov. Ved forringing av modellane sin kvalitet blir det utvikla nye modellar.

Ved utrekning av sannsynlegheit for misleghald over forventa levetid på engasjementet (PD-liv) blir det nytta ei migrasjonsbasert framskriving for å estimera forventa misleghald fram i tid, basert på utvikling i PD siste 12 månader (Markovkjede). Følgjande prinsipp er lagt til grunn:

- Utrekning blir gjort på gruppenivå og ikkje på kundenivå
- Utrekning blir gjort med utgangspunkt i misleghald i kvar risikoklasse og migrasjon mellom risikoklassar

12.6.3 Vesentleg auke i kredittrisiko

Vesentleg auke i kredittrisiko blir målt basert på utvikling i PD. Eika har definert vesentleg auke i kredittrisiko som ein auke i opprinneleg PD ved første gongs innrekning (PD-ini) for ulike nivå for at modellen skal fanga opp relativ utvikling i kredittrisiko. For engasjement som hadde opprinneleg PD mindre enn 1 % er vesentleg auke definert som:

$$PD > PD \text{ ini} + 0,5 \%, PD \text{ liv} > PD \text{ liv ini} * 2$$

For engasjement som hadde opprinneleg PD over eller lik 1 % er vesentleg auke definert som:

$$PD > PD \text{ ini} + 2 \%, PD \text{ liv} > PD \text{ liv ini} * 2$$

12.6.4 Utrekning av LGD

Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankar frå august 2014 til 2017 for intervall av sikkerheitsdekning. Eika-Gruppen vil kontinuerleg jobba med utvikling av LGD modellane etter kvart som datagrunnlaget aukar med tapshistorikk for nye periodar. Modellane skil mellom person- og bedriftskundar:

Personkundar

- Kundar utan registrerte sikkerheiter
- Kundar med sikkerheit i bustad
- Kundar med sikkerheit i anna enn bustad

Bedriftsmarknad

- Kundar utan registrerte sikkerheiter
- Kundar med registrerte sikkerheiter

Verdien av sikkerheitane er basert på estimert realisasjonsverdi.

Banken konstaterer tap på og fråreknar avtalar ved stadfesta akkord eller konkurs, ved at utleggsforretningar ikkje har ført fram, ved rettskraftig dom, eller dersom konsernet har gitt avkall på heile eller delar av engasjementet, eller at engasjementet vert vurdert som tapt av konsernet.

12.6.5 EAD

EAD for avtalar i steg 1 består av uteståande fordring eller forplikting justert for kontantstraumar dei neste 12 månadane og for avtalar i steg 2 dei neddiskonterte kontantstraumane for den forventade levetida til avtalen. For garantiar er EAD lik den uteståande forpliktinga på rapporteringsdatoen multiplisert med ein konverteringsfaktor på 1 eller 0,5 avhengig av type garanti. Unyttar kredittar har EAD lik uteståande unyttar kreditt på rapporteringstidspunktet.

Forventa levetid på ein avtale blir utrekna ut frå liknande avtalar si historiske gjennomsnittlege levetid. Avtalar som blir modifisert blir målt frå opprinneleg tidspunkt for innvilging sjølv om avtalen får nye vilkår.

12.6.6 Forventa kreditt-tap basert på forventningar til framtida

Eika vil justera tapsavsetninga med forventa utvikling i ulike makrovariablar som kan synast å ha påverknad på forventa tap. Forventningar til framtida er utleia av ein makromodell der det vert teke omsyn til tre scenarioar – base case, best case og worst case – for forventa makroøkonomisk utvikling eitt til tre år fram i tid.

Scenarioane for base case og worst case er basert på Finanstilsynet sine verdiar for basisscenario og stresstest pr. 30.06.2017. Scenarioet for best case er basert på prognose frå Eika Gruppen sin makroøkonom. Variablane arbeidsløyse, oljepris, bustadprisar, hushalda si gjeld, bankane si utlånsrente og kronekurs inngår i modellen. Variablane er fordelt på fylke for personmarknaden og på bransjar for bedriftsmarknaden. Vekting av scenarioa blir gjort etter ei ekspertvurdering. Pr. 01.01.2018 er det nytta følgjande vekter:

Base case 2/3, best case 1/6 og worst case 1/6.

Pr. 01.01.2018 har banken følgjande forventning til utvikling i makrovariablane:

	2018	2019	2020	2021
Base case				
Arbeidsløyse (nivå)	3 %	3 %	3 %	2,9 %
Bustadpris (endring)	3 %	5 %	4 %	3,8 %
Gjeld hushald (endring)	6 %	5 %	5 %	5 %
Bankane si utlånsrente (nivå)	2,5 %	2,5 %	3 %	3 %
Oljepris (USD pr. fat)	52	52	52	52
Kronekurs (endring)	1 %	1 %	1 %	1 %
	2018	2019	2020	2021
Worst case				
Arbeidsløyse (nivå)	3,5 %	4 %	5 %	5,5 %
Bustadpris (endring)	-5,5 %	-6,5 %	-6,5 %	-6 %
Gjeld hushald (endring)	5 %	3,5 %	3 %	0 %
Bankane si utlånsrente (nivå)	2,5 %	3,5 %	5 %	5 %
Oljepris (USD pr. fat)	51	32	31	35
Kronekurs (endring)	-2 %	-2 %	-2 %	0 %
	2018	2019	2020	2021
Best case				
Arbeidsløyse (nivå)	3 %	2,8 %	2,4 %	2 %
Bustadpris (endring)	5 %	5 %	5 %	5 %
Gjeld hushald (endring)	6,5 %	7 %	7 %	7 %
Bankane si utlånsrente (nivå)	2,5 %	3 %	4 %	4 %
Oljepris (USD pr. fat)	55	63	68	70
Kronekurs (endring)	5 %	5 %	5 %	0 %

12.7. Overgangseffektar

Banken får følgjande endringar i finansielle eigendelar og forpliktingar pr. 01.01.2018 ved overgang til IFRS 9:

	31.12.2017 Etter IAS 39	Reklassi- fisering	Verdi- justeringar	01.01.2018 Etter IFRS 9
Amortisert kost				
Kontantar og innskot i Noregs Bank				
Opningsbalanse IAS 39 og sluttbalanse IFRS 9	185.337	-	-	185.337
Innskot i og fordringar på kredittinstitusjonar				
Opningsbalanse IAS 39	149.559			
Verdijustering: Nedskrivning for forventa tap			-97	
Sluttbalanse IFRS 9				149.462
Utlån og kredittar til kundar				
Opningsbalanse IAS 39	2.837.224			
Reklassifisert til virkeleg verdi over utvida resultat		-		
Verdijustering: Nedskrivning for forventa tap			1.917	
Sluttbalanse IFRS 9				2.839.140
Finansielle eigendelar til amortisert kost	3.172.120	-	1.820	3.173.939
Lånetilsagn til kundar				
Opningsbalanse IAS 39	27.796			
Verdijustering: Nedskrivning for forventa tap			14	
Sluttbalanse IFRS 9				27.810
Garantiar til kundar				
Opningsbalanse IAS 39	79.304			
Verdijustering: Nedskrivning for forventa tap			43	
Sluttbalanse IFRS 9				79.346
Finansielle forpliktingar til amortisert kost	107.100	-	57	107.157
Verkeleg verdi over resultatet				
Investeringar i verdipapir – eigenkapitalinstrument (obligatorisk)				
Opningsbalanse IAS 39	100.986			
Reklassifisert frå tilgjengeleg for sal		-		
Sluttbalanse IFRS 9				100.986
Investeringar i verdipapir – rentepapir (valde)				
Opningsbalanse IAS 39	55.337			
Reklassifisert frå tilgjengeleg for sal		-		
Sluttbalanse IFRS 9				55.337
Finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet	156.323	-	-	156.323
Verkelig verdi over utvide resultat				
Investeringar i verdipapir – eigenkapitalinstrument (valde)				
Opningsbalanse IAS 39	-			
Reklassifisert frå tilgjengeleg for sal		130.314		
Sluttbalanse IFRS 9				130.314
Finansielle eigendelar til verkeleg verdi over utvida resultat	-	130.314	-	130.314
Sum finansielle eigendelar	3.328.443	130.314	1.820	3.460.577
Sum finansielle forpliktingar	107.100	-	57	107.157

Som følge av prinsippendringa for overgang til IFRS 9 vil banken sin egenkapital auka med MNOK 1,32 etter skatt hovudsakeleg som følge av reduserte tapsnedskrivningar på utlån. Effekten på eigenkapitalen fører til at rein kjernekapitaldekning aukar med 0,065 %, kjernekapital med 0,064 % og kapitaldekning med 0,062 %. Banken har ikkje nytta gjeldande overgangsreglar.

13 Hending etter balansedag

Det har ikkje førekomme hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.



INDRE SOGN
SPAREBANK
Ekte lokalbank ved di side

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.ISSB.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO

Øvre Årdal – Årdalstangen – Lærdal – Sogndal – Bergen